

## Handlingsplan Hyllestad Grendalag 2025

### Styremøter

Ideelt 4 stk + etter behov



### Faste hendingar / arrangement

Månad	Aktivitet
Januar	
Februar	
Mars	<b>Årsmøte</b> Kan heldast so snart ein har førebudd reknskap.
April	
Mai	<b>17.mai</b> Hyllestad Grendalag pliktar å stille med 4 frivillige frå Hyllestad bygd til dugnad i forkant av og under 17.mai. Det er utarbeidd liste over innbyggjarar og ein ber 4 husstandar om å stille totalt 4 stk til dugnad. Informasjon om kommande dugnad bør sendast ut seinast i mars slik at vedkommande eventuelt kan finne erstattarar dersom det ikkje passar.
Juni	<b>Jonsok</b> Grendalaget har ansvar for å rigge bål og invitere til jonsokfeiring. Vi har kjøpt inn grillkol og rigga to grillar som dei besøkande står fritt til å disponere. Ein har veksla mellom å vere i Kvernsteinsparken og på Myklebustneset. Siste åra har ein vore på Myklebustneset.
Juli	
August	
September	
Oktober	<b>Sjømatdag</b> Dei siste åra har det vore ein sjømatdag på Myklebustneset der grendalaget har stilt med båt og nokre fiskestenger. Aktiviteten er eit samarbeid mellom Hyllestad Jakt og Fiskelag, samt Barnas Turlag.
November	
Desember	<b>Tenning av julegran</b> Grendalaget har ansvar for å skaffe juletre som skal stå framfor kommunehuset, samt å arrangere tenning av julegran. Dei siste åra har vi hatt det måndag etter første advent.

### Anna ansvar og pågåande aktivitetar

- Utstyrskasse i sentrum med leikar og utstyr til utlån
- Stolpejakt Hyllestad
- Grindbygg på Myklebustneset (grendalaget har teke initiativ til å sette bygget skikkeleg i stand i løpet av våren 2025)
- Zip-line på Myklebustneset (våren 2025)
- Prosjekt Berekraftig driftsmodell for Prestegarden (2025, utførast av Fjordkystparken)
- Ein representant frå styret har også verv som styremedlem i Husstyret for Fleirbrukshuset